

Avsender: Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

52

Rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne i Hordaland  
Pb 7900  
5020 BERGEN



## Høring om forslag til endringer i TT-ordninga

Vi har vedlagt eit dokument frå Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune har starta eit prosjekt med å sende ut posten digitalt. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram.

Posten vi sender til deg blir sendt til meldingsboksen din i Altinn, og etterkvart også til postkasse hos Digipost eller eBoks. Der blir du oppfordra til å oppdatere Kontaktregisteret, som er tilgjengeleg både på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) og [www.norge.no](http://www.norge.no). Du vil då bli varsla via SMS og e-post om at du kan lese dokumentet i den valde postkassen eller i Altinn.

Verksemder/organisasjonar kan lese dokumentet elektronisk i «Min meldingsboks» på [www.altinn.no](http://www.altinn.no) via rolla «Kommunale tjenester». Eit varsel blir sendt til den registrerte e-postadressa di eller som SMS.

Dokument som ikkje er opna i Altinn innan 2 virkedagar etter at dei er tilgjengelege i meldingsboksen, blir skrive ut og sendt via Posten.

Digitalt førsteval er vegen til raskare, enklare og sikrere samhandling med Hordaland fylkeskommune!

Med helsing  
Hordaland fylkeskommune



Adresseliste

Dato: 30.10.2017  
Vår ref.: 2016/840-6  
Saksbehandlar: rolrose  
Dykkar ref.:

## Høyring om forslag til endringar i TT-ordninga

Fylkesrådmannen har lagt fram sak for fylkesutvalet med forslag til endringar i regelverket for transportordninga. Fylkesutvalet vedtok i møte den 26. oktober 2017 å senda forslaget ut på høyring til kommunane og aktuelle brukarorganisasjonar og fylkeskommunale råd. Utvalet vedtok i tillegg fylgjande oversending:

*Fylkesutvalet legg til grunn at det kriteriet der personar med psykiatriske lidingar som av den grunn treng TT-kort vert vidareført, også med psykiatrisk kompetanse i vurderingsgruppa.*

Vedlagt fylgjer fylkesrådmannen si saksutgreiing samt forslag til ny føresegn om transportordninga for funksjonshemma i Hordaland.

Me ber om tilbakemelding innan 31.12.2017

Håkon Rasmussen  
Fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund  
Seksjonsleiar

Vedlegg:

Saksframlegg: Forslag til endringar i TT-ordninga  
Forskrift om Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2016/840-5  
Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

### Møtedato

18.10.2017  
26.10.2017

## Forslag til endringar i TT-ordninga

### Samandrag

Likestillings- og diskrimineringsombodet har bedt fylkeskommunane om å sjå til at regelverket for TT-ordningane ikkje hindrar individuelle vurderingar av søknader. I Hordaland vert godkjente brukarar no innplassert i grupper. Fylkesrådmannen legg fram forslag til nytt reglement der det vert lagt opp til at alle brukarane har lik kvote. I tillegg er det gjort andre endringar i reglementet som fremjar likehandsaming av alle brukarane samt vil gje ei meir effektiv og rasjonell sakshandsaming. Forslaget til nytt reglement må på høyring hjå kommunane og brukarorganisasjonane/fylkeskommunale råd. Fylkesrådmannen kjem attende med ny sak etter høyringa.

**Økonomi:** Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve vedteke budsjett.

**Klima:** Ingen effekt.

**Folkehelse:** Ålment er dette vidareføring av eit godt folkehelseiltak.

**Regional planstrategi:** Ingen effekt.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner at forslaget til nytt reglement vert sendt på høyring til kommunane og aktuelle brukarorganisasjonar og fylkeskommunale råd.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Forskrift om Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland

Vedlegg: Forslag til ny føresegn om Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland.  
Retningslinjer for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland

## Fylkesrådmannen, 03.10.2017

### Innleiing

Personar som er busette i Hordaland og som på grunn av sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytta det ordinære kollektivtilbodet, kan få eit transporttilbod gjennom ordninga med tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga). TT-ordninga vart etablert i 1988 og fylkeskommunane får statleg tilskot til ordninga gjennom rammetilskotet. Fylkeskommunane står nokså fritt til å organisera TT-ordninga innan eige fylke. Dei einskilde fylkeskommunane organiserer difor transportordninga på ulik måte og med variabel ressursinnsats.

Fylkeskommunane sitt ansvar for TT-ordninga fylgjer av ansvaret for kollektivtransport. I motsetning til folketrygda sine stønadsordningar er ordninga ikkje rettighetsbasert. TT-ordninga i Hordaland er regulert i eigne retningsliner vedteke av fylkestinget 17. juli 2004 (vedlegg).

### Bakgrunnen for saka

Likestillings- og diskrimineringsnemnda har etter ein klage på vedtak om godkjenning som TT-brukar i Akershus, konkludert med at fylkeskommunen har handla i strid med *Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven* ved at klagaren ikkje har fått vurdert søknaden sin individuelt. Likestillings- og diskrimineringsombodet har etter dette tilskrive alle fylkeskommunane og bedt om at ein ser på om gjeldande praksis i fylkeskommunane utelukkar individuelle vurderingar, og deretter eventuelt endrar praksisen.

Akershus fylkeskommune har etter dette endra reglementet for å tilpassa seg pålegget frå ombodet. I Hordaland er det ikkje individuelle behovsvurderingar. Dei godkjente brukarane vert plassert i grupper som t.d. over/under 67 år, rullestolbrukarar, blinde, og vert tildelt like kvotar utan omsyn til individuelle behov. I samsvar med ynskje frå Likestillings- og diskrimineringsombodet vert det gjennom denne saka lagt opp til å endra retningslinene slik at dei ikkje er i konflikt med *Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven*.

Sakshandsaminga på TT-området er forholdsvis ressurskrevande. I samband med at ein står føre skifte av leverandør for sakshandsamarsystemet høver, det å sjå på endringar i retningslinene og i sakshandsamingsrutinar for å få til meir effektiv sakshandsaming.

#### Transportordninga i Hordaland – omfang og ytingar

Transportordninga har eit budsjett på 49,6 mill kr i 2017. Posten dekkar to ytingar; fritidsreiseordninga med 13.586 brukarar (01.07.2017) og arbeidsreiseordninga med 178 brukarar. Fritidsreiseordninga sin del av budsjettet er på 38 mill kr i 2017.

I fritidsreiseordninga vert det tildelt brukarkvotar som varierar etter funksjonshemming og alder. Blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar er såkalla tunge-/prioriterte brukarar. I tillegg er personar i terminal fase prioriterte. Andre personar som på grunn av sjukdom eller funksjonshemming ikkje er i stand til å nytta offentleg kommunikasjon vert og godkjent som brukarar.

Alle godkjente TT-brukarar får eit elektronisk TT-kort som dei kan nytta som betalingsmiddel i drosjar. TT-kortet vert fylt på to gonger pr. år. TT-brukarane kan til ei kvar tid kontrollera saldoen på TT-kortet, både gjennom kontofonenesta og på heimesidene våre.

Det er 2.788 blinde/sterkt svaksynte/rullestolbrukarar (21%), og 10.798 andre brukarar (79%) med i TT-ordninga. Av brukarane har 6.944 livsvarig godkjenning. Dei har fått livsvarig godkjenning på grunn av alder (over 80 år), eller funksjonshemming eller sjukdom der det ikkje er utsikter til lækjing. Brukarane fordeler seg slik:

- Blinde/sterkt svaksynte 747
- Manuell rullestol 946
- Elektrisk rullestol 1.095
- Under 67 år 1.934
- Over 67 år 8.864
- Avstandstillegg 573

Ein ser av dette at den dominerande gruppa er personar over 67 år som har ulike diagnoser som ofte er knytt til aldring.

Kvotane og vilkåra er som følger:

- Blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar kr 7.500
- Rullestolbrukarar med elektrisk rullestol kr 9.500
- Ordinære brukarar under 67 år kr 5.500
- Ordinære brukarar over 67 år kr 4.500
- Gifte eller sambuarar som begge er med i transportordninga får 25% reduksjon i kvoten.
- Når det er bil i husstanden vert kvoten redusert med 25%.
- Desse to unntaka gjeld ikkje tunge brukarar.
- Brukarar som bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter (post/butikk o.a.) får eit tillegg på kr 1.000.
- Ein må minst vera 9 år for å bli godkjent som brukar.
- Ved varig godkjenning etter fylte 80 år får ein livsvarig godkjenning. Det same gjeld dersom ein har ei funksjonshemming/sjukdom som ikkje kan lækjast, t.d. når ein er i terminal fase.
- Brukarar som flyttar på institusjon eller som har fått støtte til bil gjennom folketrygda misser brukargodkjenninga. Dette gjeld ikkje blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar.

Talet på brukarar har vore stabilt dei siste åra. I fylgje retningslinene kan inntil 3,4% av innbyggjarane i fylket vera med i transportordninga. Med 520.000 innbyggjarar i fylket (01.01.2017) kan det vera inntil 17.680 brukarar i ordninga. Det inneber at 77% av brukartaket er utnytta.

SSB si folketalsframskriving syner 559.761 innbyggjarar i 2025 og 624.835 i 2040. Med tilsvarende utnytting som i dag medfører det at TT-ordninga vil ha 14.634 brukarar i 2025 og 16.357 brukarar i 2040. Det inneber at talet på brukarar framleis vil vera under det maksimale brukartaket som er gjeldande i dag.

Fleire tilhøve påverkar utnyttingsgraden av kvotane. Gjennomsnittleg levealder og talet på innbyggjarar over 67 år aukar, men samstundes vert det utvikla nye medisinar og behandlingsformer som kan utjamna auken i levealder.

### **Nogjeldande organisering**

Godkjenning av nye brukarar og fornying av godkjenning finn stad etter søknad med eigen- og legeerklæring. Søknaden skal sendast til heimkommunen bortsett frå i Bergen der fylkeskommunen handsamar søknadane.

Ein av legane i ei legemnd på 5 personar vurderer søknaden. Ved positiv tilråding frå legemnda fattar kommunen/fylkeskommunen godkjenningsvedtak. Eit eventuelt avslag på søknaden kan påklagast til den fylkeskommunale klagenemnda. Fylkeskommunen har all sakshandsaming ved avslag og klage.

Godkjenninga gjeld for 2 år (mellombels) eller 4 år. Når godkjenningsperioden går mot slutten må det søkjast på nytt. Unnataket er dei som har fått livsvarig godkjenning.

### **Gjennomsnittleg turkostnad**

For å få ei oversikt over kor mange turar ein kan få ut av dei tildelte kvotane, er det gjort uttrekk frå eit representativt utval på 3 % av brukarane for å få oversikt over gjennomsnittleg turkostnad.

Etter fråtrekk av eigenandel og mva. er gjennomsnittleg turkostnad og talet på turar som følger:

Kategori	Gjennomsnittleg turkostnad	Gjennomsnitt tal turar per år
Blind/sterkt svaksynt	Kr 222	33,8
Manuell rullestol	Kr 263	28,5
Elektrisk rullestol	Kr 360	26,8
Ordinære brukarar over 67 år	Kr 171	26,3
Ordinære brukarar under 67 år	Kr 171	32,1

## Saksgongen

I saka vil fylkesrådmannen koma med forslag til endringar i retningslinene. Retningslinene er å sjå på som ei føresegn, og i fylgje forvaltningslova §37 skal interessentar og brukargrupper få høve til uttala seg før retningslinene/føresegna vert endra. Forslaget til nye retningsliner/føresegn vert difor å senda på høyring til aktuelle høyringsinstansar.

Etter høyringsrunden vert det lagt fram ny sak med forslag til endringar i retningslinene/føresegna.

## Vurdering av alternative modellar for kvotetildeling

For å imøtekoma Likestillings og diskrimineringsombodet er det sett på ulike modellar for tildeling av brukarkvotet. I vurderingane er det lagt vekt på at det ikkje skal finna stad diskriminering av den einskilde brukar. Eitt av alternativa vil vera å føreta ei individuell vurdering av transportbehovet for den einskilde søkjar. Andre alternativ er å gje dei fleste brukarane same kvote. Fylgjande alternativ har vore til vurdering.

### Alt 1. Lik grunnkvote til alle brukarane

Nogjeldande kategorisering av tunge brukarar med høgare kvote går ut. Alle brukarane får i staden, med nokre unntak, lik kvote. Då vert alle brukarar handsama likt uavhengig av individuelle behov, og ein vil ikkje kunna hevda at ein vert diskriminert i forhold til andre brukarar. Det bør likevel opnast for at rullestolbrukarar med elektrisk rullestol får ein utvida kvote pga vesentleg høgare transportkostnader enn andre brukarar med manuell rullestol. Ein del brukarar vil gjennomgåande ha eit mindre behov for kvote enn det store fleirtalet av brukarar. Det gjeld brukarar som har fått tilskot til bil gjennom folketrygda eller som disponerar eigen bil. Ved å setja kvoten til desse gruppene til 50% av basiskvoten så vil ein kunne fordela ein større kvote til alle brukarane. I gjeldande retningsliner vert kvoten for gifte/sambuande og for dei som har bil i husstanden redusert med 25%. Kvotereduksjonen omfattar ikkje tunge brukarar. Brukarar som flytter på institusjon misser godkjenninga. Dette gjeld ikkje tunge brukarar.

Fleirtalet av brukarane vil med denne modellen få auka kvote, medan dei prioriterte brukarane som i dag har høgare kvote enn ordinære brukarar får redusert kvote.

Dette alternativet må sjåast i samanheng med staten si tilskotsordning til tunge brukarar (blinde/sterkt svaksynte/rullestolbrukarar). Denne ordninga hadde si fyrste løyving i 2012. Då fekk tre fylkeskommunar ekstra statleg løyving. Seinare er løyvingane auka, og frå 1. juli 2017 er 7 fylkeskommunar med i ordninga. Hovudpremisset for å koma med i ordninga er at dei tunge brukarane skal vera sikra 200 reiser per år. Hordaland fylkeskommune har søkt om midlar når det har vore opna for det, utan å få tilslag på søknaden. Dette kan ha samanheng med at tilskotstrongen er stor for å kunna gje dei tunge brukarane i Hordaland, og andre folkerike fylke, 200 turar per år.

Når staten har starta ein prosess som skal sikra at tunge brukarar får 200 turar per år, må ein kunna leggja til grunn at ein vil fullføra det løpet ein har starta på, og å løyva nok midlar slik at alle fylkeskommunane kjem med i ordninga innan rimeleg tid. Dei tunge brukarane vil då få ein vesentleg høgare kvote enn det fylkeskommunen er i stand til å tilby.

### Alt 2. Prioritering av brukarar etter funksjonsgrad eller transportbehov.

Den ein-skilde TT-brukar er ulik, både kva gjeld funksjonsgrad og transportbehov. Å differensiera midlane mellom brukarane på bakgrunn av den ein-skilde sin funksjonsgrad eller transportbehov, vil krevja individuelle og skjønsmessige vurderingar. Kravet til likebehandling gjer at denne typen vurderingar vil krevja auka sakshandsaming, då søknadane vert meir detaljerte og det vert større behov for dokumentasjon.

Ei løysing som skal ta omsyn til den ein-skilde brukar sitt reisebehov må baserast på søkjaren sine egne opplysningar om reisebehovet. Ulempen er at det medfører fordeling av midlane ut frå subjektive syn. Det er vidare uheldig om fylkeskommunen skal rangera kva type behov som skal gje grunnlag for auka kvote.

Transportordninga har relativt låge kvotar, frå kr 3.375 til kr 9.500 per år, og det tilseier at ein må ha eit regelverk som avgrensar dei individuelle vurderingane og administrasjonen det medfører.

### Alt 3. Prioritering av yngre brukarar

I Hordaland er det differensiering av brukarkvotane ved fylte 67 år. Kvoten for ordinær brukar vert då redusert frå kr 5.500 til kr 4.500. Tunge brukarar får ikkje reduksjon i kvoten. Fleire av dei andre fylkeskommunane har og eit kvoteskilje ved 67 år. Ein har ikkje noko fagleg haldepunkt for å hevda at ein brukar får eit vesentleg redusert behov for fritidsreiser ved fylte 67 år. Det er individuelt for den ein-skilde brukar når reiseaktiviteten vert redusert og til slutt stoppar opp, og det kan difor stillast spørsmål om det er rett å setja eit kvoteskilje ved 67 år.

Det kan hevdast at «yngre» brukarar har eit større behov for transporttenester enn eldre brukarar, og at dei har andre typar reisemål. Bakgrunnen for dette synspunktet er at «yngre» brukarar har eit større aktivitetsnivå enn eldre gjennom større deltaking i fritids- og foreningsaktivitetar. Her vil det for det fyrste vera vanskeleg å definera grensa mellom eldre og yngre brukarar og det vil vera store individuelle ulikskapar som ein ikkje vil greia å fanga opp.

Vidareføring av ei aldersdifferensiert TT-ordning vil gje ei ulik handsaming av eldre og yngre brukarar. Ulik handsaming er tillate når det ligg føre sakleg grunn for det. Det har vore føreteke juridiske vurderingar av dette i andre fylke, og konklusjonen er at det bør liggja føre sterke argument som er underbygd av emperi dersom ein skal innføra slike ordningar. Det vart vurdert som tvilsomt om det ligg føre slike saklege grunnar til å handsama grupper ulikt innan TT-ordninga.

## **Andre endringsforslag**

### Nedre aldersgrense for å få godkjenning

Nogjeldande nedre aldersgrense er 9 år i Hordaland. I 2015 hadde 6 av 19 fylkeskommunar ingen aldersgrense, og 9 av dei resterande fylkeskommunane hadde frå 10 år og opp til 14 år. Grunngevinga for å setja ei aldersgrense er at ein må sjå det i samanheng med når funksjonsfriske born reiser med kollektivtransport åleine.

Ein kan hevda at skuleborn må reisa med skulebuss frå dei tek til i skulen. Dette er likevel ei anna type reise der reisestrekninga ligg fast og der det i dei fleste høva er ein eigen buss. Det er og vanleg praksis i skuleskyssforvaltninga i Hordaland at ein ikkje pålegg bussbyte i Bergen (det er stort sett her det er aktuelt) før elevane tek til i 5. klasse, dvs i 10-11 års alderen.

### Nedre aldersgrense for å få livsvarig godkjenning

Nogjeldande nedre aldersgrense for å få livsvarig godkjenning er 80 år. Nye søkjarar eller brukarar som søker om fornya godkjenning etter fylte 80 år får livsvarig godkjenning. Den fylkeskommunale legenemnda meiner at denne grensa kan flyttast opp til 85 år, og grunnjev det med at nye medisinar og behandlingmetodar kan få eldre personar ut av ein sjukdomstilstand. Saka har og vore teke opp med elderrådet i fylkeskommunen, og dei sluttar opp om å auka nedre aldersgrense.



### Bortfall av godkjenning når ein flytter på institusjon

I fylgje retningslinene i Hordaland misser ein godkjenning når ein flytter på institusjon. Dette gjeld ikkje tunge brukarar. Fylkeseldrerådet har tilskrive samferdselsavdelinga om dette, der dei dei går imot at institusjonsbuarar misser godkjenninga. Eldrerådet meiner at dette er aktivitetshemmande og diskriminerande ovanfor denne gruppa, og ber om lik handsaming med andre grupper.

### Full kvote når gifte/sambuande er med i TT-ordninga

I gjeldande retningsliner får gifte/sambuande par redusert kvoten med 25% når begge er godkjente TT-brukarar. Bakgrunnen for at dette vart innført er at ein vurderte det slik at par ofte reiser i lag og kan difor utnytta kvarandre sine kvotar. Vår vurdering er no at den einskilde brukar må sjåast på som eit uavhengig individ med eigne behov uavhengig av sosial status. Slik retningslinene vert praktisert i dag fangar ein heller ikkje opp alle som er i sambuarskap. Ved å ta vekk denne regelen vil ein likebehandla gifte/sambuande med andre brukarar.

### Endring av sakshandsamarrutinane

Søknader om å bli godkjent som TT-brukarar vert handsama av samferdselsavdelinga for busette i Bergen kommune, og som utgjer om lag halvparten av søkjarmassen, og den einskilde kommune for søkjarar som er busette utanom Bergen. Søknadane vert så sendt til legenemnda. Når legenemnda har positiv tilråding på søknaden fattar samferdselsavdelinga/kommunen vedtak. Når det er negativ tilråding på søknaden, vert den sendt til samferdselsavdelinga som fattar avslagsvedtak, og eventuelt handsamar klage.

Kvaliteten på sakshandsaminga i kommunane varierar, noko som kan ha samanheng med at store kommunar har mange søknader i løpet av eit år, og dermed medarbeidarar som arbeidar regelmessig med desse oppgåvene, medan mindre kommunar har få søknader i løpet av eit år og arbeidar dermed skjeldnare med TT-søknader. Sakshandsamarane på samferdselsavdeling må difor ofte rettleia kommunane i sakshandsaminga. Denne organiseringa av TT-ordninga medfører og at det i fylket under eitt er mange personar som har tilgong til fortrulege helseopplysningar, noko som er prinsipielt uheldig.

Det skal anskaffast nytt sakshandsamingssystem frå mai 2018. Konkurransgrunnlag vert sendt ut i løpet av hausten 2017. Det kompliserar systemet at ein må ha sakshandsaming og tilgong til systemet i alle kommunane i fylket. Det kan ekskludera potensielle leverandørar.

Ut frå ei totalvurdering bør all sakshandsaming av søknader finna stad i fylkeskommunen. Alle kommunane vert då handsama likt, og ein vil truleg få ei meir effektiv og sikker sakshandsaming og kun ein stad som brukarar og søkjarar skal retta seg til.

For å unngå auka ressursbruk i fylkeskommunen ved sentralisering av sakshandsaminga kan godkjenningsperioden aukast frå 4 til 5 år. I tillegg kan det innførast meir automatiserte søknads- og godkjenningsrutinar i samband med innkjøp av nytt sakshandsamingssystem. I den grad ein kan ta i bruk digitaliserte løysingar i sakshandsaminga, så vil det bli vurdert.

### Grunnstønad til transport

Gjennom folketrygda kan funksjonshemma og personar med sjukdom få grunnstønad til m.a. transport. Grunnstønad er inndelt i 6 satsar frå kr 8.040 til kr 40.152 per år. Minstesatsen er etter dette kr 670 per mnd. For å få grunnstønad må dei samla ekstrakostnadane vera på minst kr 670 per mnd. Grunnstønad skal dekkja meirkostnadar som søkjaren har til eit vidt spekter av utgifter. I no gjeldande reglement er det ikkje lagt opp til trekk i brukarkvoten når ein har grunnstønad. I forslaget til føresegn er det lagt opp til at brukarkvoten vert halvert når ein får grunnstønad til transport. På den måten vil dei brukarane som ikkje har fått grunnstønad til transport få ein høgare kvote å reisa for gjennom TT-ordninga.

### Stønad til kjøp av bil gjennom folketrygda

I gjeldande reglement heiter det at personar som har fått stønad til kjøp av bil gjennom folketrygda berre vert godkjent som brukarar dersom dei er tunge brukarar. I forslaget til føresegn er dette endra til at dei som

har fått stønad til kjøp av bil får halv brukarkvotest. Med denne endringa legg ein i større grad opp til lik handsaming av alle brukarane.

#### Disponering av eigen bil

I gjeldande reglement heiter det at brukarar med tilgong til eigen bil i husstanden får redusert kvoten med 25%. For å sikra individuell handsaming av den einskilde brukar er dette punktet endra i forslag til føresegn til at søkjarar med eigen bil får halv brukarkvotest.

Tabell over ytingar og reglar i gjeldande reglement og forslag til nytt reglement

Yting/reglar	Gjeldande reglement	Nytt reglement/føresegn
Kvotest for blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar	Kr 7.500	Kr 5.800*
Kvotest for rullestolbrukarar med elektrisk rullestol	Kr 9.500	Kr 6.380*
Kvotest for ordinære brukarar over 67 år.	Kr 4.500	Kr 5.800*
Kvotest for ordinære brukarar under 67 år.	Kr 5.500	Kr 5.800*
Gifte eller sambuarar som begge er med i transportordninga.	25% redusert kvotest	Får full kvotest
Når det er bil i husstanden	25% redusert kvotest	
Når ein disponerar eigen bil	25% redusert kvotest	50% redusert kvotest
Bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter	Kvotest + kr 1.000	Kvotest + kr 1.000
Minstealder for å bli godkjent brukar	9 år	10 år
Minstealder for å få livsvarig godkjenning	80 år	85 år
Brukar flytter på institusjon	Misser godkjenninga (gjeld kun ordinære brukarar)	Opprettheld godkjenninga
Får stønad til bil gjennom folketrygda	Personar som får støtte til bil gjennom folketrygda vert ikkje godkjent som TT-brukar med mindre ein tilhøyrer gruppa tunge brukarar	Alle som får stønad til bil gjennom folketrygda kan bli godkjent som TT-brukar med halv brukarkvotest
Får grunnstønad til transport	-	50% redusert kvotest

\*Satsane kan verta endra etter budsjetthandsaminga

#### Årleg fastsetjing av brukarkvotar gjennom budsjettvedtaket

I no gjeldande reglement, som er godkjent av fylkesutvalet, er brukarkvotane fastlagte. Dette gjev liten fleksibilitet i forhold til budsjett og økonomiske rårer. Det vil vera meir tenleg at kvotane vert fastlagt i samband med det årlege budsjettvedtaket, slik t.d. takstnivå og rabattordningar i kollektivtrafikken vert gjort. Ein står då friare til å regulera kvotane frå år til år alt etter kva det er økonomisk rom for.

#### **TT-ordninga i Sogn og Fjordane**

Ettersom Hordaland og Sogn og Fjordane etter planen skal gå saman i eitt fylke, vert det kort gjort greie for korleis TT-ordninga er lagt opp der. Sogn og Fjordane har om lag 3.479 godkjente brukarar og eit årsbudsjett på 6,0 mill kr, dvs ein gjennomsnittleg kvotest på kr 1.724 per brukar. TT-ordninga er i dag organisert slik at kommunane får tildelt midlar av fylkeskommunen ut frå innbyggjartalet (kr 54 per innbyggjar), der kvar innbyggjar tel likt. Kommunane har ansvar for å godkjenna brukarar og tildela kvotar. Kommunane er pålagt å ha ei godkjenningnemnd. Det er opp til kommunane å avgjera kor stor kvotest den einskilde brukar skal få. Alle kommunane nyttar same kortsystemet for oppgjer i drosjen. Når året er ute går unyttta midlar tilbake til kommunane, og det finn stad ei avrekning mellom kommune og fylkeskommune.

I 2017 var Sogn og Fjordane ein av fylkeskommunane som fekk tildelt ekstra statlege midlar til tunge brukarar. Fylkeskommunen fekk 6,2 mill kr til 2. halvår 2017. Med 430 tunge brukarar vert det ei gjennomsnittleg tilleggsløyving på kr 14.418 per brukar gjeldande for 2. halvår 2017.

### Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen har ikkje funne ein tenleg modell som fullt ut fylgjer opp Likestillingsombodet sitt ynskje; at det skal gjerast ei individuell vurdering av transportbehovet for den einskilde søkjar. Ettersom dette gjeld fritidsreiser, ville ei slik individuell vurdering måtte byggja på opplysningar frå søkjarane om deira ynskje og behov. Fylkesrådmannen kan ikkje tilrå at ein byggjer sakshandsaming av tilskotsordningar på eit slikt grunnlag.

Framlegget frå fylkesrådmannen går ut på å velja modellalternativ 1. Det inneber at midlane vert fordelt likt mellom brukarane, med unntak av brukarar som er godkjent for elektrisk rullestol. Bakgrunnen for dette er at ein då får lik handsaming av alle søkjarar og kan forenkla sakshandsaminga. Prioritering ut frå funksjonsgrad og transportbehov vil kreve skjønsmessige og individuelle vurderingar som vil medføra auka administrasjon og utfordringar med å likebehandla søkarar. Fylkesrådmannen ser dette som lite tenleg ut frå at det er mange brukarar som får tildelt relativt låge kvotar.

Denne modellen vil gje som resultat at alle brukarane får endra kvote. Dei tunge brukarane vil få redusert kvote, dette utgjer 21% av brukarane. Dei ordinære brukarane får auka kvote, og dette utgjer 79 % av brukarane.

Dersom ein legg til grunn same utnyttingsgrad som i 2016 og uendra budsjettråme, vil grunnkvoten i 2018 verta kr 5.800. For at brukarar med elektrisk rullestol skal få same tal turar som brukarar med manuell rullestol er forslaget at kvoten vert auka med 10% i forhold til grunnkvoten.

Fylkesrådmannen har merka seg at staten frå 2012 har hatt ei tilskotsordning som fylkeskommunane kan søkja midlar frå, og som har som føremål å sikra at tunge brukarane får 200 turar per år. Fylkesrådmannen legg til grunn at staten aukar løyvingane til denne ordninga slik at alle fylkeskommunane får ta del i den. I lys av dette, vil det vera tenleg å etablere ei TT-ordning der alle brukarane i utgangspunktet har lik brukarkvot.

I forslaget til ny reglement er det gjort fleire endringar. Hovudpremisen for dei fleste endringane er at den einskilde søkjar skal verta vurdert som sjølvstendig individ så lenge ein er godkjent brukar. Det inneber at det vert sett vekk frå sosial status, funksjonshemming, alder og bustatus ved tildeling av brukarkvot.

I forslaget til nytt reglement har fylkesrådmannen auka nedre aldersgrense for å få godkjenning til 10 år, og øvre aldersgrense for å få livsvarig godkjenning til 85 år. Vidare rår fylkesrådmannen til at aldersdifferensiering av kvoten fell vekk, og at no gjeldande ordning med redusert kvote når ektefeller eller sambuarar er med i ordninga fell vekk. Dette er ein lekk i likebehandlinga av alle brukarane. Når ein flytter på institusjon misser dei ordinære brukarane i dag godkjenninga, medan dei tunge brukarane opprettheld den. I fylkesrådmannen sitt forslag til nytt reglement vil alle kunna ha godkjenninga livet ut. Også dette er ein lekk i likebehandlinga av brukarane, og i tillegg vil dette tiltaket gje vesentleg mindre administrativt arbeid og liggja betre til rette for meir automatisert sakshandsaming. Fylkesrådmannen legg vidare opp til at ein får 50% reduksjon i kvoten når ein disponerar eigen bil.

I forslag til endringar er det og lagt opp til å samla all sakshandsaming hjå fylkeskommunen. No har fylkeskommunen all sakshandsaming for søkjarar i Bergen kommune, medan resten av kommunane tek imot søknader og føretekk godkjenning. Avslag på søknader og klagesaker vert handsama av fylkeskommunen også for desse kommunane. Fylkesrådmannen ser fleire føremuner med å ta all sakshandsaming i eigen regi; alle kommunane vert handsama likt, ein får meir rasjonell og lik sakshandsaming og ein treng ikkje involvere sakshandsamarar over heile fylket i desse sakene. I

endringsforslaget ligg det og inne å auka godkjeningsperioden frå 4 til 5 år. Dette vil redusera sakshandsaminga og vera ein føremun for brukarane.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte forslag til nytt reglement vert sendt ut på høyring til kommunane og brukarorganisasjonane og til dei fylkeskommunale råda. Etter at høyringsfristen er ute vil ein koma attende med oppsummering av høyringane og forslag til ny føresegn.

# **Forskrift om Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland (TT-ordninga)**

## **§ 1. TT-ordninga**

Transportordninga for funksjonshemma er eit tilbod til innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytta det ordinære offentlege kollektive rutetilbodet. Transportordninga skal dekkja fritidsreiser. Reiser til og frå arbeids- og utdanningstilbod, lege, sjukehus eller anna behandlingstilbod er føresettt dekkja av andre støtteordningar.

TT-ordninga har samanheng med fylkeskommunen sitt lovbestemte ansvar for kollektivtransport. Utgiftene til TT-ordninga vert dekkja av ei årleg løyving i årsbudsjettet til fylkeskommunen.

## **§ 2. Vilkår for for å bli godkjent som brukar**

For å bli godkjent som brukar må søkjaren oppfylle desse vilkåra:

- a) Søkjaren må ha sjukdom eller funksjonshemming som varer i minst 2 år.
- b) Søkjaren må, på grunn av sjukdommen eller funksjonshemminga, vere ute av stand til å nytta offentlig transportmiddel, sjølv med hjelp av sjåfør ved på- og avstiging. Som offentlig transportmiddel gjeld og serviceliner, bestillingstransport eller liknande tilrettelagt transporttilbod.
- c) For å bli definert som sterkt synshemma må ein ha visus med korreksjon på begge augo som er mindre enn 6/60-del (0,1) og/eller ikkje klare fingertelling (med korreksjon) på meir enn 6 meter.
- d) For å bli godkjent som følgje av psykisk sjukdom må søkjaren ha hatt brei og langvarig kontakt med behandlingsapparatet og ha ein diagnose som omfattar tyngre psykiatri. Det må dokumenterast at søkjaren på grunn av sjukdommen ikkje kan nytta offentlege transportmiddel, eller at sjukdommen blir vesentleg forverra ved å nytta slik transport.
- e) Born under 10 år er ikkje omfatta av TT-ordninga.
- f) Søkjaren må vera bussett og folkeregistrert i Hordaland. Brukarar som flyttar frå Hordaland misser godkjenninga.

Vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og busstopp, eller bratte bakkar/lang veg til busstopp vert ikkje vektlagt i vurderinga av søknaden. Det vert heller ikkje manglande rutetilbod på heimstaden.

TT-kortet er personleg og kan ikkje overdragast eller nyttast av andre.

## **§ 3. Søknaden**

Godkjenning som brukar finn stad etter søknad til Hordaland fylkeskommune. Fastsett skjema for eigen- og legeerklæring skal nyttast.

Søknadsskjema og føresegn om TT-ordninga finn ein på Hordaland fylkeskommune sine heimesider <http://www.hordaland.no/nn-no/vegtransport/tt-kort/fritidsreiser>.

Legeerklæringa må ikkje vera eldre enn 6 månader. Det er søkjaren sitt ansvar at søknaden er godt nok dokumentert.

## § 4. Godkjenningsperiode

Ein vert godkjent som brukar for 2 eller 5 år om gongen. Før godkjenningsperioden er over kan brukaren søkja om fornya godkjenning.

Det vert gjeve godkjenning for 2 år ved mellombels sjukdom, eller når det er tvil om sjukdommen/funksjonshemminga er varig.

Brukarar med varig funksjonshemming/sjukdom som er utan utsikter til betring av tilstanden, og brukarar med varig godkjenning som er fylt 85 år på søknadstidspunktet, får livsvarig godkjenning.

## § 5. Brukarkvotar

Brukarkvoten vert fastlagt i årsbudsjettet.

Søkjarar som oppfyller vilkåra i §2, kan tildelast brukarkvote. Brukarkvoten vert redusert/auka når ein kjem inn under eitt av unntaka under pkt a-c. Søkjar som er omfatta av fleire av unntaka i pkt a-b får likevel berre ein reduksjon.

- a) Søkjar som disponerer bil innkjøpt med støtte frå NAV, eller som mottek grunnstønad til transport frå NAV får tildelt  $\frac{1}{2}$  x brukarkvote per år.
- b) Søkjar med eigen bil får tildelt  $\frac{1}{2}$  x brukarkvote per år.
- c) Søkjar som må nytta elektrisk rullestol får tildelt 1,1 x brukarkvote per år. Som elektrisk rullestol i denne samanheng vert ikkje å rekna «overbygde rullestolar», kraftige offroad-rullestolar til utandørsbruk eller scooterar.

Brukarar som bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter (post/butikk etc) får eit tillegg på kr. 1.000,- pr. år.

## § 6. Omfang av reiseretten

Reiseretten gjeld reiser i Hordaland. TT-kortet kan og nyttast i andre fylke dersom transportøren har utstyr som kan lesa TT-kortet.

TT-kortet kan nyttast til reiser med drosje og med turvogn og spesialbil med handikapløyve med taksameter.

For kvar tur må brukaren betala ein eigendel på minst 15 % av turkostnaden. Den resterande turkostnaden kan betalast med TT-kortet. Kvar brukar kan utan meirkostnad ha med ein følgjeperson. Brukar og følgjeperson vert rekna som ein passasjer. Følgjepersonen må møta opp der brukaren vert henta og følgja med fram til reisemålet.

## § 7. TT-kortet

Godkjente brukarar får tildelt TT-kort frå kortleverandøren.

TT-kortet er personleg og må ikkje overlatast til andre.

Ved tap av TT-kortet må kortet sperrast straks. Dette kan gjerast ved

- å ringja kontofonen ( 21 51 45 41)
- å ringja samferdselsavdelinga ( 55 23 93 63)

- å senda e-post til [samferdsel@hfk.no](mailto:samferdsel@hfk.no).

Utferding av kort vil ikkje koste noko for brukar første gongen. Ved utferding av nye kort kan ein måtte betala for dei faktiske kostnadane.

## § 8. Endra forhold og brot på føresegna

Brukaren skal melda frå til fylkeskommunen om tilhøve som endrar føresetnaden for godkjenninga.

Godkjenninga kan tilbakekallast eller endrast dersom brukaren ikkje lenger oppfyller vilkåra i §2 eller §6, og elles så langt det fylgjer av forvaltningslova.

Godkjenninga kan tilbakekallast ved misbruk av TT-kortet. Ved slikt misbruk kan brukaren også utestengjast frå TT-ordninga i inntil 2 år.

## § 9. Klage på vedtak

Ved klage gjeld reglane i forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd.

Klagefristen er i følgje forvaltningslova § 29 1. ledd 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga.

Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, går den vidare til den fylkeskommunale klagenemnda som fattar endeleg vedtak.

## § 10. Endringsadgong

Rettar og plikter som er fastsett i, eller fylgjer av vedtak fatta i medhald av denne føresegna, kan til ei kvar tid endrast, også for den som alt er omfatta av TT-ordninga.

## § 11. Verknadstidspunkt

Denne føresegna trer i kraft frå xx.xx.xxxx. Frå same tid vert Retningslinjer for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland, 01.11.2014, oppheva.